

Norconsult AS  
Postboks 458,

5501 HAUGESUND

Deres ref.	Arkivsakid-doknr:	2018000380 - 53	Saksbeh:	Sigrid Halldorsson	Arkivkode:	Dato:
	Journalpostid:	2019010334	Telefon:	53654666	Plan-2018001	01.07.2019

## 2. gongs handsaming for detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS

Vedlagt følger vedtak.

*Vedtaket kan påklages til kommunen. Klagefristen er 3 uker regnet fra den dagen da brevet kom fram til påført adressat. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt inne fristens utløp.*

*Klagen skal sendes skriftlig til den som har truffet vedtaket, angi vedtaket det klages over, den eller de endringer som ønskes, og de grunner du vil anføre for klagen. Dersom du klager så sent at det kan være uklart for oss om du har klaget i rett tid, bes du også oppgi når denne melding kom frem.*

Vennlig hilsen  
For Samfunnsutvikling

Kristian Bondhus-Jensen  
områdeleiar Samfunnsutvikling

Sigrid Halldorsson



Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Utviklingskomite	05.06.2019	045/19
Odda kommunestyre	19.06.2019	037/19

## 2. gongs handsaming for detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS

Dokumentnr	Tittel
389237	Delkart 1 planområde Nord
389238	Delkart 2 planområde Nord
389239	Delkart 3 planområde Nord
389240	Delkart 4 planområde sør
389241	Illustrasjonar_Boliden Odda
389242	Innkomne merknadar etter offentlig ettersyn Boliden Odda AS
389243	Modell_høyder og maks. kotehøyde i planen
389244	NOTAT Alternativer til deponering av stein
389245	Ny tippunnel nord_kryssing Eitrheimstunnelen
389248	ROS-analyse_Boliden (vert oppdatert)
389249	Skredfarevurdering nytt tippvindu Boliden Fjellhaller

389250	Støykart fra Sweco med hensynssoner
389251	Støyrapport Boliden Odda detaljreg med KU
389252	Vedtaksbrev_1. gongs handsaming
389253	Vurdering av geotekniske og miljøtekniske undersøkelser for deponering av sprengstein
389278	Notat_Kommentar til merknader og uttalelser
389359	Planbeskrivelse_Boliden Odda AS
389360	Reguleringsbestemmelser_Boliden Odda AS_
389361	Eksternt_notat_Svar til fylkesmannen sin uttalelse
389818	Oversendelse av revidert ROS-analyse for detaljreguleringsplan med KU for Boliden Odda AS
389819	ROS-analyse_Boliden Odda AS_Plan 2018001_D04_2019-06-04
389820	Illustrasjon omsynssone støy_Sweco

### Rådmannens forslag til

### innstilling:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-2 vedtek Odda kommunestyre detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS, planid: 2018001, med plankart datert 04.06.19 og føresegner datert 04.06.19.

**Rådmannen i Odda, 27.05.2019**

### 05.06.2019 Utviklingskomite

#### Behandling:

*Komiteen var 13 medlemmer ved saksopptak då repr. Vikne (A) vart permittert i lunsjen. Sakshandsamar Sigrid Halldorsson orienterte innleiingsvis. Saka har vore jobba med planen fram til no : .*

*\*Endrignar i planen etter at den er lagt ut på høyring - m.a naturmangfald i sjø- har vore jobba med.*

*\* Støyforhold er og noko reviderete. Skipstrafikk er innteke i støy og støykart . Bustader utanfor plangrensa vil bli støyskjerma om krava ikje er oppfylt.*

\* Eksplosjonsfare er og nærare vurdert.

Ingen av merknadane er av ein slik karkter et planen ikkje kan vedtakst.

Sjurstræ (SP): Deponering av 8 kubikk fast fjell?

Rådmannen ; Skal vera 8.000.000 m<sup>3</sup> - vi bli retta i saka.

### **UTK-045/19 Vedtak:**

Rådmannens forslag vart samrøyste vedekte

#### **Innstillinga er:**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-2 vedtek Odda kommunestyre detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS, planid: 2018001, med plankart datert 04.06.19 og føresegner datert 04.06.19.

## **19.06.2019 Odda kommunestyre**

### **Behandling:**

Repr. Folkvord (A) sa seg ugild som medlem av bedifts- og konsernstyret for Boliden - og veik sete - jamf. forvaltingslova. § 6 e. Kommunestyret er 25 medlemer. Repr. vart samrøystes funnen ugild.

Oppsummert debatt: Denne planen handlar om framtida til Odda. Dette er ein gledens dag.

### **OK-037/19 Vedtak:**

Utviklingskomiteen sitt forslag til innstilling vart samrøyste vedteken

#### **Vedtaket er;**

I medhald av plan- og bygningslova § 12-2 vedtek Odda kommunestyre detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS, planid: 2018001, med plankart datert 04.06.19 og føresegner datert 04.06.19.

## **Saka gjeld**

### **Bakgrunn**

Boliden Odda AS har engasjert Norconsult AS som plankonsulent for å utarbeida forslag til detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS. Planframlegget heimlar naudsynte tiltak for ei eventuell produksjonsutviding hjå bedrifta.

### **Konklusjon**

Ein ny detaljreguleringsplan for området er naudsynt for å kunne gjennomføre ei utviding av bedrifta Boliden Odda AS.

I planframlegget som føreligg er det gjort ein del mindre justeringar etter innspel frå Fylkesmannen i Vestland. Det er ingen av merknadane som fører til vesentlege endringar i planen, og planen kan difor slutthandsamast.

Rådmannen tilrår å godkjenne detaljreguleringsplanen.

## Kort om saksframlegget

Saksframlegget er i det vidare bygd opp med følgjande punkt:

1. Kort om prosjektet
2. Planprosess og tilhøvet til gjeldande planar
3. Planframlegget i korte trekk
4. Innkomne merknadar og endringar i planen etter offentleg ettersyn
5. Rådmannen sin vurdering av planframlegget

## Kort om prosjektet

Boliden Odda AS er ein produsent av sink, sinklegeringar og svovelsyra med fabrikk på Eitrheimsneset i Odda. Fabrikken vart etablert som Det Norske Zinkkompani A/S av den fransk-belgiske bergverksbedrifta Compagnie Royale Astruienne des Mines i 1924.

Hovudmåla for den vidare drifta til Boliden Odda AS:

- Sikra ein konkurransedyktig sinkproduksjon i Odda i eit 20-30 års perspektiv.
- Produksjonsauke frå 200 000 til 350 000 tonn sink per år.
- Bygging av nye fjellhallar i tillegg til dei eksisterande 20 hallar ca. 1500 meter nord for bedrifta.
- Framleis deponering av steinmassar i Sørfjorden iht. konsesjon på 8 m<sup>3</sup> fast fjell, samt naudsynt auke for å sikra vidare drift.
- Bedrifta vil arbeida for å avhenda sprengstein på anna måte enn ved deponering etter kost- og nyttevurderingar.
- Behalda dagens adkomst frå fv. 550 og dagens parkeringsplassar på området.
- Ny kai (svovelsyre kai) og ny ro-ro-kai (roll on/roll off) basert på utfylling av massar frå dagens industriområde, eventuelt kai-konstruksjonar utan større fyllingar.
- Bedrifta vil ta tilbake gamle deponi som i dag er ein del av golfbanen sin høgaste del.

Deponia vil verte redusert med ca. 100 000 m<sup>3</sup> over ein periode på maksimalt 10 år.

- Produsera eit nytt salgbart bi-produkt: Blysvølvprodukt.

## Planprosess og tilhøvet til gjeldande planar

### Planprosess

For reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, skal det utarbeidast ei konsekvensutgreiing. I oppstartsfasen vart det avklart at det er krav om konsekvensutgreiing i denne planprosessen, i samsvar med Forskrift om konsekvensutgreiingar. I følgje lovverket skal det alltid lagast eit planprogram før ein startar med sjølve utgreiingsarbeidet. Planprogrammet skal ta stilling til kva som skal utgreiast, samt metodikk og medverknad. Planprogrammet vart einstemmig vedteke av Utviklingskomiteen i møte 10.10.2018.

### Kommunestyret si oppgåve

Planforslaget har vore på offentleg ettersyn. Det er kome inn merknadar og desse er vurdert av planfremjar og av rådmannen. Kommunestyret si oppgåve no er å vurdere om planen skal godkjennast. Ein ny detaljreguleringsplan for Boliden Odda AS er naudsynt for å kunne gjennomføre ei utviding av bedrifta.

## Gjeldande planar

Gjeldande reguleringsplanar, 1993005 Eitrheimsneset endring, vedteke 08.09.93, og 1993006 Eitrheimsneset endring, vedteke 12.02.92, inneheld ikkje detaljar om utnyttingsgrad, byggjegranser, krav til støy eller liknande. Ei eventuell produksjonsutviding vil difor i stor grad vere i samsvar med gjeldande reguleringsplanar, men er ikkje i tråd med krav og forventningar i plan- og bygningslova. For reguleringsområde nord, for fjellhallar og sjødeponi er det ikkje reguleringsplan, og det er ikkje synt med føremål og omsynssoner som gjeldande regelverk i dag krev.

I Kommuneplan 2007-2019 Arealdelen er arealet på Eitrheimsneset sett av til noverande industri/ lager. Fjellhallar og sjødeponi er ikkje synt i plankartet.

## Anna regelverk

Boliden Odda AS si verksemd vert i hovudsak drive med grunnlag i løyve gitt i medhald av lov mot ureining og om avfall (ureiningslova) av 13. mars 1981 nr. 6, § 11, jf. § 16 og endringar i medhald av § 18. Løyve til verksemda er gitt av Klima- og Forurensingsdirektoratet og løyvet vert forvalta av Miljødirektoratet. Løyvet omfattar alle faktorar for eit produksjonsvolum på 350 000 tonn sink med unnatak av uttak av fjellmassar og deponering i sjø. Utsleppsløyve for fjellmassar i Sørfjorden vart gitt av Fylkesmannen i Hordaland den 11.09.2000, og vidare oppfølging er no overført til Miljødirektoratet. Løyvet er og heimla i ureiningslova.

## **Planframlegget i korte trekk**

Hovudmåla for planarbeidet er å utarbeida ein reguleringsplan som

- Vidarefører dei utbyggingsvolum og dei føringane for arealbruk som ligg i gjeldande plan, og klargjer utbyggingsvolum, reguleringsføresegner og framtidig drift i samsvar med målsettingar Boliden AS har for vidare drift av anlegget.
- Gir adgang til utbygging av ytterlegare kaianlegg, ny kai (svovelsyre kai) mot aust og/eller ny ro-ro-kai mot sør, eventuelt basert på utfylling av massar frå industriområdet.
- Ivaretar dei krav og forventningar rørte offentlege myndigheiter og innbyggjarane i kommunen set til ein detaljreguleringsplan for verksemda.

Planområdet består av to atskilte deler, planområde sør og planområde nord. Planområde sør består av industriområdet, og planområde nord består av fjellhallar og sjødeponi.

Planforslaget består av eit omfattande materiell der det er gjennomført fleire vurderingar. Blant anna er visuell verknad, kulturminne, trafikk, alternativ bruk av sprengstein, ROS (Risiko- og sårbarheitsanalyse), ureining, støy, naturmangfald, og friluftsliv/ by- og bygdelig vurdert i planforslaget.

## **Medverknad**

I tillegg til den ordinære oppstartsvarslinga vart det avhaldt eit informasjonsmøte den 26.03.19 hjå Boliden Odda. På møtet var det om lag 25 naboar og andre rørte partar.

## **Innkomne merknadar og endringar i planen etter offentlig ettersyn**

Det er komme inn 8 merknadar etter at planen var på offentlig ettersyn. Merknadane og planfremjar sine vurderingar er i sin heilskap lagt som vedlegg til saksframlegget. Under

følgjer hovudpunkt i merknadane og planfremjar og rådmann sine eventuelle kommentarar.

Nr.	Avsendar	Dato
1	Jarle Skogheim og Monica Hylland	27.03.19
2	Kystverket	11.04.19
3	Statens vegvesen	16.04.19
4	NVE	17.04.19
5	Hordaland Fylkeskommune	23.04.19
6	Eurojuris Haugesund AS for Odda Bygg AS	23.04.19
7	Fylkesmannen i <u>Vestland</u>	13.05.19
8	Jan Reidar Tokheim	16.05.19

### 1. Jarle Skogheim og Monica Hylland

Jarle Skogheim og Monica Hylland bur i Sjoarbakken 14 på Tokheim, ein av dei bustadane som ligg nærast bedrifta. Dei er opptekne av motorstøy frå båtar til kai, hyppige sleggeslag mot stål, ringealarmar, samt ein konstant summetone frå verket. Dei skriv og at Boliden Odda ikkje respekterer nattero og lossestopp etter kl. 22.00.

Planfremjar meiner at reguleringsføresegner, saman med krav frå Miljødirektoratet til støygrensa, oppfølging, og dokumentasjon av dette, er tilfredsstillande for naboar. I tillegg vil Boliden Odda AS tilby støydempande tiltak på støyutsett fasade og naudsynt utandørs opphaldsareal for bustadar der støygrensene er overskride.

Rådmannen meiner at planen ivaretar problemstillinga med støy. Boliden har støygrenser som skal følgjast, og ved bygging av nytt anlegg skal bedrifta gjere avbøtande tiltak i høve til støy både på nye og eksisterande anlegg. Rådmannen meiner og det er positivt at Boliden Odda AS tilbyr støydemping til private bustadar der det er naudsynt.

### 2. Kystverket

*Kystverket viser til statistikken med anløp av Boliden og Odda sentrum (2017) hvor lasteskip til Boliden utgjør det største antall av de registrerte 468 fartøyene. Hovedfokus til Kystverket er rettet mot kryssende trafikk (inn/ut) fra Eitrheimsneset og utformingen av og trafikkavviklingen rundt den nye svovelsyrekaaien. «Kystverket ønsker dialog i arbeidet med reguleringsplanen videre.»*

*Planfremjar sin kommentar: Det er ansvarlig prosjekterende firma som har ansvar for at svovelsyrekaaien utformes slik at det er sikker adkomst både med babord og styrbord side. Det er Kystverket som har ansvaret for selve leden og det er knyttet en egen forskrift til dette. Grensen til leden ligger ca. 20 m øst for sjølinjen hvor planforslaget viser framtidig kai (KA12). Planforslaget viser østre kaikant c. 3 - 6 m øst for sjølinjen, slik at det formelt sett ligger innenfor den lokale havnemyndighets ansvarsområde. Siden manøvrering vil berøre leden, foreslår vi å tilføye at også Kystverket skal høres ved behandling av tiltak, jfr. bestemmelsenes § 2.5.*

Rådmannen har ingen vidare kommentar til merknaden.

### 3. Statens vegvesen

Statens vegvesen bad om ei trafikkanalyse under og etter anleggstida, i uttale til varsel om oppstart. I planforslaget vart det då konkludert med at det ikkje vert auka trafikk når anlegget er i drift. Dette meiner Statens vegvesen er tilfredsstillande. Statens vegvesen uttalar at før arbeid og utviding av fjellhallane skal det søkjast til vegeigar med detaljerte planar for bygging. Statens vegvesen har elles ingen fleire merknadar til offentleg ettersyn av planen.

Planfremjar meiner kravet er sikra i føresegnene § 2.9 krav om tekniske planar for tiltak.

Rådmannen har ingen kommentar til uttalen.

### 4. NVE

NVE har ingen merknad til offentleg ettersyn av planen.

### 5. Hordaland Fylkeskommune

Hordaland Fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til planforslaget. Men har gjort ei vurdering av kulturminne og kulturmiljø, landskap og samferdsel.

Rådmannen har ingen kommentar til uttalen.

### 6. Eurojuris Haugesund for Odda Bygg AS

Eurojuris har sendt inn ein merknad på vegne av Odda Bygg AS. Merknadane gjeld ureining og trafikk.

*Når det gjelder støy og andre forurensingskilder forutsettes at det oppstilles vilkår i detaljreguleringsplanen som sikrer at Boliden Odda AS sine planer ikke er til hinder for dagens bruk av vår klients eiendom og fremtidig utvidet bruk av samme til påregnelige næringsformål.*

*For det tilfelle at Boliden Odda AS mot enhver formodning mener å begrense Odda Bygg AS sin nåværende og fremtidige bruk av P2 og P3 til kundeparkering, med mindre uttrykket "ansatte og besøkende" også er ment for å dekke Odda Bygg AS sine ansatte og kunder. Dette må avklares nærmere av søker i forbindelse med den videre planbehandling og Odda Bygg AS sine parkeringsbehov må enten ivaretas ved at eksisterende vedtekststekst korrigeres eller ved at dette presiseres uttrykkelig i forklarende tekst.*

*Planfremjar sin kommentar: Spørsmålene som Eurojuris tar opp er av privatrettslig karakter. Reguleringsformålet og bestemmelsene for P3 utelukker ikke at det inngås privatrettslige avtaler om leie, eller at det tinglyses avtale om bruk av parkeringsarealet som adkomst til gnr. 64/314. Boliden Odda AS ønsker en dialog med Odda Bygg AS velkommen, men er ikke innstilt å sikre rettigheter om parkering eller adkomst til Odda Bygg AS i denne reguleringsplanen. Det er opplagt også andre alternativer til adkomst til Odda Bygg AS som den fra nord og som må legges noen meter over gnr. 64/78 (Hardanger Eiendomsutvikling AS) for å komme til nord - eller sørsiden av bygget uavhengig av adkomsten til Boliden Odda AS, se figurene under. Parkeringen vest for bygget må fremdeles løses gjennom en privatrettslig avtale.*

Rådmannen er samd i planfremjar sin vurdering om at dette er eit spørsmål av privatrettsleg karakter. Rådmannen har ingen vidare kommentar til vurderinga.



## Fylkesmannen i Vestland

Høyringsfristen for detaljreguleringsplanen var 23.04.19. Denne datoen sendte Fylkesmannen i Vestland førespurnad om utsett frist. Odda kommune stadfesta utsett frist til 20.05, men at dersom fylkesmannen fann element i planen som kunne vera i strid med regionale eller nasjonale interesser ville kommunen få informasjon om dette omgåande.

Fylkesmannen har merknadar på naturmangfald i sjø, støy og samfunnstryggleik (eksplosjonsfare).

### Støy

Fylkesmannen i Vestland meiner det bør syna omsynssoner for støy i plankartet. I tillegg er fylkesmannen uroa for støysituasjonen til tilgrensande bustadområde, og tilrår at moglege tiltak som vil hindra at auka produksjon fører til auke i støy vert inkludert i reguleringsføresegnene.

Planfremjar har lagt inn ei omsynssone for støy i plankartet datert 04.06.19. I tillegg er det gjort endringar i føresegnene.

#### *§ 2.4 Krav til støydokumentasjon og støytiltak*

*Tiltakshaver skal gjennom rutiner, kontroll og tekniske tiltak sørge for at driften skjer slik at støybelastningen fra industristøy til de nærmeste omgivelser til enhver tid begrenses så langt det er mulig og innenfor kravet i utslippstillatelse.*

*Dette innebærer at det settes krav til høyeste lydeffekt for utstyrspakker/komponenter/installasjoner ved planlagt utbygging og modifisering av anlegg.*

*Virksomheter innenfor planområdet skal til enhver tid oppfylle krav satt i utslippstillatelsen, bl.a. til loggføring og kontrollmålinger. Virksomhetenes samla støyutslipp skal omfatte all støy fra bedriftenes ordinære virksomhet, inkludert transport på bedriftenes områder, lossing/lasting av råvarer og produkter inklusive all støy fra båter som ligger ved kai eller i andre faste ankringsposisjoner.*

*Konkrete bestemmelser i utslippstillatelsen skal gjelde fremfor reguleringsbestemmelsene dersom det er avvik mellom disse. Pålegg etter utslippstillatelsens bestemmelser til støynivå skal utredes og bekostes av anleggseier.*

*Innen ett år etter at de nye anleggene hos Boliden Odda AS er satt i drift, skal det gjennomføres en ny støymåling og beregning tilsvarende den som ble utført i 2018. Dagens ordning med dokumentasjon, informasjon og avvik/klagehåndtering forutsettes videreført i oppstartsfasen for de nye anleggene hos Boliden Odda AS.*

*Den støyfaglige vurderingen skal dokumentere at gjeldende myndighetskrav oppfylles. Eventuelle tiltak som iht. støyfaglig vurdering ansees nødvendige for å tilfredsstille krav til utendørs støy, skal innarbeides og vises i byggesøknad. Det vises til § 8.4 støysone i bestemmelsene.*

*Før bygge- og anleggsarbeid iverksettes, skal tiltakshaver legger fram en vurdering og dokumentasjon for kommunen som ansvarlig myndighet. Dokumentasjonen skal være i samsvar med kapittel 4 i T-1442/16.*

*Vegeier er ansvarlig for eventuelle støyavbøtende tiltak langs fv 550 for støy generert av vegtrafikk.*

Det er og laga ei ny føresegn:

*§ 8.4 Støysone (H 220-1) – delkart Sør*

*Innenfor området regulert til gul støysone H220\_1 er det støynivåer Lden > 55 dB. Støygrensen for nærmeste bygninger med støyømfintlig bruksformål utenfor planområdet fastsettes av Miljødirektoratet i forbindelse med driftstillatelsen.*

*Dersom det gjennom beregninger og målinger av driften viser seg at grenseverdien fastsatt av Miljødirektoratet overskrides med > 3,0 dB, skal det tilbys støyavbøtende tiltak på støyutsatt fasade og nødvendig uteoppholdsareal for bygninger med støyømfintlig bruksformål.*

Med disse endringane meiner planfremjar at merknadane frå fylkesmannen er løyst på ein tilfredsstillande måte, der støy er meir konkretisert i planen.

Rådmannen meiner merknad i høve til støy er løyst på ein god måte.

*Samfunnstryggleik (eksplosjonsfare)*

Fylkesmannen i Vestland meiner Boliden Odda AS bør syna fareområde for eksplosjonar i plankartet. I tillegg har dei kommentarar til at det er tema som manglar eller er for dårleg utgreidd i ROS-analysen.

Planfremjar meiner det ikkje er naudsynt å syne fareområde på bedrifta sitt område og innanfor reguleringsplanen si plangrensa. I 2018 vart det laga ein risikoanalyse for bedrifta som konkluderer med at anlegget er bygd og vert drifta på ein trygg måte. ROS- analysen, datert 04.06.19 er og oppdatert.

I tillegg er det lagt inn ei føresegn:

*§ 2.2 Krav til samfunnssikkerhet og risikoanalyser*

*Innenfor hele planområde gjelder de krav som Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) til enhver tid stiller. Kravene er basert på Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og brannvesenets redningsoppgaver (av 14.juni 2002 nr. 20), Rådskonferanse 96/82/EC av 9. desember 1996 (Seveso II-direktivet) og Stortingsvedtaket om sikkerhetsforskriften (FOR-2016-06-03-569).*

Planfremjar meiner at denne føresegna sikrar informasjon i planen om at bedrifta er ei storulukkebedrift, og at ein difor kan unngå oppteikning av eit fareområde i plankartet. Oppdatert ROS- analyse datert 04.06.19 svarar og til fylkesmannen sin merknad.

Rådmannen er samd med planfremjar om at dette vil koma i møte Fylkesmannen i Vestland sin merknad.

*Naturmangfald*

Fylkesmannen i Vestland meiner planen bør få fram meir av kunnskapen frå kunnskapsgrunnlaget. Fylkesmannen ynskjer og ein overordna presentasjon av utfordringane med laks og aure i Sørfjorden. Fylkesmannen meiner vidare at saka er tilstrekkeleg opplyst og har ingen kommentarar til verdivurdering, påverknad eller konsekvensnivå.

Planfremjar har kome med meir informasjon om desse temaa, sjå vedlagt planskildding.

Rådmannen meiner merknaden er besvart på ein god måte der ein får meir informasjon om kunnskapsgrunnlaget og kva for påverknad tiltaket kan ha for laks og sjøaure.

### Oppsummert

Vedlagt saka ligg eit notat som svarar merknadane til Fylkesmannen i Vestland og oppsummerer endringar i planen.

Rådmannen meiner merknadane frå Fylkesmannen i Vestland er løyst på ein god måte. Endringane er ikkje av vesentleg karakter, og planen kan difor slutthandsamast.

### Jan Reidar Tokheim

Denne merknaden kom inn etter høyringsfristen som var 23.04.19. Jan Reidar Tokheim skriv at det til tider kan vera mykje gass og røyk i lufta på Tokheim, og meiner Boliden Odda må få strenge krav til utslepp.

Utslepp frå bedrifta vert handsama i utsleppsløyvet av Miljødirektoratet, og er ikkje noko som vert styrt gjennom planen.

### Rekkjefølgjekrav om tilbakeføring av deponi til golfbane

I møtet i Utviklingskomiteen den 27.02.19 vart det lagt til eit rekkjefølgjekrav om tilbakeføring av golfbanen etter uttak av tidlegare deponerte massar. Planfremjar påpeikar at området er eit industriområde, og at det difor ikkje kan setjast rekkjefølgjekrav om tilbakeføring av golfbanen. Dette kravet er difor omformulert til at *området skal revegeteres etter avslutning av anleggsdrift og beholdes som industriareal.*

## **Rådmannen sin vurdering av planframlegget**

### Visuell verknad

Planfremjar meiner at tiltaket som vil ha størst negativ visuell verknad er det nye røsteanlegget sørvest på Eitrheimsneset, i industriområde 9. Bygging av dette fører til større terrenginngrep, og vil framstå som eit brot i eksisterande terrengform. Røsteanlegget vert liggjande som ei forlenging av eksisterande anlegg slik at eit overordna mønster i bygningslokaliseringa vert vidareført. Det er vurdert både nærverknad og fjernverknad, der det kjem fram at det er nærverknad sett frå busetnaden på Tokheim og i Askane som får størst landskapsendring. Det vert vurdert til at fjernverknaden påverkar landskapet i ubetydeleg grad.

Rådmannen meiner at visuell verknad er eit svært viktig tema i planen. Det er mange rørte partar ved ei utviding av bedrifta på Eitrheimsneset, då særleg på Tokheim og i Askane. Rådmannen ser at tiltaka i liten grad vil ha noko å seia for det overordna landskapsbiletet, då det allereie er etablert mykje tung industri i området.

Rådmannen er samd i vurderinga til planfremjar om at det er nytt røsteanlegg som vil ha størst negativ visuell verknad. Rådmannen ser det som positivt at det nye anlegget ikkje resulterer i at alle dei grønne areala som bind saman området vert borte. Det er ingen av dei nye installasjonane som vert høgare enn høgaste punkt på haugen på Eitrheimsneset, og ein stor del av haugen vert bevart.

Planfremjar skriv at opning av deponiet som er ein del av golfbanen vil vere ei landskapsendring i høve busetnaden på Tokheim og i Askane. Her er det difor set krav til visuell skjerming gjennom plassering av konstruksjon og beplantning. Dette ser rådmannen

som positivt, då det er mogleg at denne visuelle skjeringa og kan skjerma eksisterande konstruksjonar.

Samstundes meiner rådmannen at det er viktig å syne dei andre nye anlegga, elektrolysehall og tankar, særleg frå nordvest og frå aust. Rådmannen ser at desse har mindre betydning for landskapsbiletet, då desse anlegga vert lokalisert i eksisterande anlegg, utan større terrenginngrep. Ny elektrolysehall vert godt synleg frå bustadfeltet på Eitrheim, men det bryt ikkje med eksisterande bygningsmasse eller terreng. Nye tankar mot aust vert installert i eit område som i stor grad er urørt. Rådmannen ser det som positivt at tankane ikkje vert høgare enn terrenget i bakkant. Rådmannen meiner det er positivt at planfremjar påpeikar at tiltaka skal ha same nøytrale farge som eksisterande bygningsmasse og ha fargar i beige, brun, raudt og grått.

Illustrasjonane som er vedlagt syner volum og utforming med grunnlag i eit foreløpig konsept med nye anlegg og tiltak, men som ikkje er heilt fastsett. Rådmannen meiner at det er viktig å få fram at planen opnar for volum som er større enn kva desse illustrasjonane syner. (Det er illustrasjonar i planskildringa, og vedlagt saksframlegget.)

Det er ikkje vurdert landskapsmessig tilpassing og optimalisering av industrianlegget. Anlegget sine volum og utforming vert bestemt gjennom eit forprosjekt, og ved valg av leverandørar.

Rådmannen vil og nemne at gjeldande reguleringsplan ikkje har avgrensingar på nye volum som kan etablerast, medan ny plan vil setje slike avgrensingar og såleis føre til betre føreseielegheit for naboar og ålmenta.

### Kulturminne

I det aktuelle planområdet er det ikkje kjend automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med definert verneverdi. Industrianlegget vart anlagt på 1920- talet og er eit nyare tids kulturminne.

Sidan anlegget har gjennomgått tidlegare endringar, og at anlegget framleis er i drift, vert ikkje nye installasjonar vurdert til å ha negativ verknad ovanfor kulturmiljøet. Dei viktigaste endringane for kulturmiljø vert vurdert til å vera fjerning av eksisterande bygg og installasjonar. I føresegnene § 9.1.2 er det difor tatt med at bygg og anlegg som skal rivast, vert dokumenterte med foto og ei skildring. Dei aktuelle bygg og anlegg dette gjeld er markert som føresegnsområde i plankartet.

Rådmannen meiner at dokumentasjon gjennom tekst og bilete vil vera tilstrekkeleg for å kunna bevare kulturminne på Eitrheimsneset.

### Trafikk

Planfremjar skriv at planforslaget ikkje legg opp til endring av dagens situasjon knytt til vegtrafikk. Hovudkrysset inn til bedrifta, avkøyrsløse til parkering ved golfbanen, og avkøyrsløse til fjellhallar er i samsvar med handbøkene til Statens vegvesen, når det gjeld kapasitet, svingfelt og friskt.

Trafikale tilhøve i fjellanlegget vil ikkje verte endra grunna auka aktivitet på anlegget. Det vert auka trafikk i den perioden anleggsarbeidet pågår, og dersom steinmassar skal nyttast til andre føremål, og skal transporterast vekk.

Rådmannen meiner det er gjort ein god jobb med å vurdere dei trafikale tilhøva. I tillegg til den trafikale situasjonen etter utvidinga, er det viktig å sjå på dei trafikale tilhøva i

anleggsperioden. Det er venta ein stor trafikkauke frå fv. 550 og inn på industriområdet i denne perioden. Rådmannen rår difor til å sjå på moglege midlertidige omkøyingsvegar og/ eller tilkomstvegar til industriområdet.

Naboar har meldt inn at det er ein problemstilling at det er ureining frå lastebilar som køyrer frå bedrifta og til fjellhallane. Kommunen føreset at dette vert handtert av bedrifta, men at det ikkje er noko som kan styrast i reguleringsplanen.

Dei trafikale tilhøva innad i industriområdet er ikkje vurdert gjennom planen. Rådmannen føreset at dette ikkje vert endra etter slik situasjonen er i dag. Nye bygg og anlegg vil i stor grad verte samankopla med eksisterande anlegg, slik at køyrevegar og gangvegar vert som i dag. Dei trafikale tilhøva på bedrifta fungerer godt, og det er ikkje meldt om ulukker.

Skipstrafikken vil auke som ein følgje av auka produksjon. Rådmannen meiner at den viktigaste problemstillinga i høve skipstrafikk er støy. Støy vert vurdert som eige punkt i saksframlegget.

Ny tipptunnel vil krysse under Eitrheimstunnelen. Ein eventuell framtidig utviding av Eitrheimstunnelen vil og vera mogleg etter bygging av ny tipptunnel. Det er laga ein rapport på dette. Rapporten ligg vedlagt.

#### Alternativ bruk av sprengstein

I samband med fastsetjing av planprogram satt Odda kommune krav til ei vurdering av samfunnsnyttig etterbruk av sprengstein.

Boliden Odda AS har gjennomført ei vurdering der det kjem fram at alternativ bruk vil vera å nytta steinen til lokale behov, eller å selja den. Ved lokale behov vil Boliden kunna gje vekk stein til eigna føremål, men mottakar må ta kostnadar med transport og liknande. Tidlegare er det gjort forsøk på å selja steinen. Dette har ikkje vore vellykka, men Boliden vil likevel framleis forsøkjå å selja steinen. Problemstillingar som har gjort det utfordrande med salg av stein er lite volum, at det ikkje har vore kontinuerleg drift, og at steinen er av dårleg kvalitet, den eignar seg til dømes ikkje i asfalt grunna glimmermengda. Boliden Odda legg til at dei har levert stein til nokre samfunnsnyttige føremål både i Odda og Ullensvang, og rådmannen meiner at det er viktig at denne moglegheita framleis vil vera tilgjengeleg.

Rådmannen meiner det er gjort ein god jobb med vurdering av alternativ bruk av sprengstein, og at det er positivt at Boliden Odda ynskjer at deponeringa i Sørfjorden skal minka, og at det vert arbeidd med løysingar.

Multiconsult har gjennomført ei vurdering av geotekniske og miljøtekniske undersøkingar i Eitrheimsvågen, Kalvavika, og nord for Holmen, i samband med å kunne nytte steinen lokalt. Denne vurderinga konkluderer med at det er området nord for Holmen som er den mest aktuelle lokasjonen, og som kan nyttast som mogleg deponi. Ei utfylling her vil potensielt gi nytt landområde på inntil 15-20 mål. For å kunne sjå om utfylling er mogleg må ein ha geotekniske og miljøtekniske undersøkingar. Multiconsult anslår desse undersøkingane til å ha ein kostnad på 1 100 000 - 1 500 000 NOK.

I UTK-vedtak 27.02.19 vart det sett rekkjefølgjekrav om at Boliden Odda AS tek kostnaden og gjennomfører desse undersøkingane i samband med prosjekt for nye fjellhallar, og føreset at Boliden Odda gjennomfører undersøkingane i løpet av 2020. Rekkjefølgjekravet er knytt til påbyrjinga av fjellhall nr. 23 og nr. 24.

Rådmannen meiner det er viktig at Odda kommune må bidra i prosessen med eventuelt utfylling av massar i dette området. Det er feil å pålegge Boliden Odda AS å gjennomføre

miljøtekniske og geologiske undersøkingar, dersom kommunen ikkje ser det som realistisk å fylle ut området dersom utfylling er mogleg. Dette er eit kostnadsspørsmål, og rapporten som Boliden Odda AS skal få utarbeida, skal ha med eit grovt kostnadsoverslag for utfylling.

### ROS (Risiko- og sårbarheitsanalyse)

Planfremjar skriv at planområdet framstår som moderat sårbart. Det er gjennomført fareidentifikasjon og sårbarheitsvurdering, og her står brann/ eksplosjon ved industrianlegg, gassutslepp og kjemikalieutslepp og annan akutt ureining fram som uønska hendingar forårsaka av verksemda si drift, og som kan medføre konsekvensar for omgivnadane.

Andre tiltak som er vurdert og som må følgjast opp vidare i planarbeidet er gassutslepp av SO<sub>2</sub>, skred, havnivåstigning og bølgepåverknad, etablering av fjellhallar, kjemikalieutslepp og annan ureining, samt eksisterande kraftkablar.

Det er difor gjennomført 3 risikoanalysar; større brann/ eksplosjon på industrianlegget, straumstans med påfølgjande utslepp av SO<sub>2</sub> frå røsteanlegga, og ulukke med transport av farleg gods. Desse synte akseptabel risiko, men med behov for å vurdere ytterlegare risikoreduserande tiltak.

Planfremjar skriv at tippvindaugane frå fjellhallar er eksponert mot skredutsett område, men at skred ikkje vil føre til skade for fjellhallane. Planfremjar skriv og at Boliden skal ha fokus på moglege skredhendingar ved deponering av massar gjennom tippvindauga. Det er gjennomført ei skredvurdering for nytt tippvindaug, der konklusjonen er at området kan vera skredutsett. Det vert tilrådd å gjennomføre sikringstiltak, ved å laga ein skredvoll av sprengstein. Skredvurderinga ligg som vedlegg.

Overvassproblem på P2 og P3 er ikkje vurdert i ROS-analysen. Men det er satt krav til at det skal lagast ein plan for tiltak til overvasshandtering i samband med nye tiltak på området, nye parkeringsplassar på P2 og P3.

Planfremjar skriv og at det vert plassert ein rystelsesmålar i Eitrheimstunnelen ved sprenging av nye fjellhallar. Ved hjelp av denne vert det vurdert om Eitrheimstunnelen skal stengjast når dei sprengjer. Dersom det vert registrert laust berg etter sprenging, skal det gjerast sikringstiltak.

Boliden Odda AS er underlagd storulukkeforskrifta. Dette gjer at dei har særskild strenge krav til utarbeiding av tryggleiksrapportar og risikoanalysar. Dette er ikkje noko som angår reguleringsprosessen direkte.

### Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga har vurdert temaa støy, ureining, naturmangfald og friluftsliv/ by- og bygdeliv. Desse temaa vert vurdert nedanfor.

Konsekvensutgreiinga syner at tiltaket vil ha ubetydeleg konsekvens for naturmangfald og friluftsliv. Det er usikkerheit knytt til utslepp av svoveldioksid. Samla vert konsekvensane av tiltaket vurdert til å vera ubetydelege.

KU-tema	0-sitasjonen	Utvidelse av virksomhet i henhold til plan
Støy	0	Innenfor samme krav som i dag
Forurensing	0	Noe økt forurensing som følge av produksjonsøkning. Konsekvens for omgivelser skal likevel ikke overskride tillatelser og grenseverdier
Naturmangfold	0	Ubetydelig konsekvens
Friluftsliv	0	Ubetydelig konsekvens

## Ureining

Verksemda har eit strengt miljøregelverk. Dette gjeld utslepp til luft, utslepp til sjø, og ureina sediment. Ureining er eit tema som vert handsama av annan myndigheit, Miljødirektoratet, og vert difor ikkje styrt i reguleringsplanen.

Under er det ein oversikt over eksisterande, estimert framtidig og omsøkt utslepp til vatn og luft. (Tabellane er henta frå Fylkesmannen sin uttale til endring av utsleppsløyve for Boliden Odda.)

Utslipp til vann (alle tall i kilo pr år);

Parameter	Nåværende utslipp basert på snitt i perioden 2012 -2016	Utslipp i gjeldende tillatelse	Bolidens estimerte framtidige utslipp	Omsøkt utslipp i endret tillatelse,
Zn	1 527	6 000	1 350	4 000
Cd	18,5	80	18	50
Cu	20,2	110	28	50
Pb	23,4	230	32	60
Hg	0,36	3	0,6	2
As	113,2	Ikke regulert	17	Ønskes regulert med konsentrasjonsgrense
Ni	Ikke målt	Ikke regulert	11,2	30

Utslipp til luft (alle tall i kilo pr år);

Parameter	Nåværende utslipp til luft (tabell 5.1)	Utslippsgrenser i gjeldende tillatelse	Bolidens estimerte framtidige utslipp	Omsøkt utslipp i endret tillatelse
Zn	3 600	16 000	6 000	10 000
As	4	Ikke regulert	6	10
Cd	18	40	28	40
Cu	16	60	25	40
Pb	17	140	29	50
Hg	0,8	7	1	4
Støv	500	6 000	700	3 000
SO <sub>2</sub> /SO <sub>3</sub>	15 000	40 000	47 000	70 000
H <sub>2</sub> SO <sub>4</sub>	4 000	30 000	4 000	15 000

Ut i frå desse tabellane ser ein at dei faktiske utsleppa til Boliden Odda AS stort sett er godt under gjeldande utsleppsgrenser. Estimert framtidig utslepp er og ikkje vesentleg meir enn kva som er grensene i gjeldande utsleppsløyve.

Den største endringa i utslepp er utslepp til luft av SO<sub>2</sub>/ SO<sub>3</sub>. I samband med dette har Boliden Odda AS sms-varslingsystem til alle innbyggjarane i nærleiken. Rådmannen meiner likevel at det er viktig at det vert gjort ei vurdering av den verst tenkjelege situasjonen i høve dei ulike klimatiske tilhøva som er i Sørfjorden. Rådmannen tilrår og at det vert gjennomført ei oppfølging av luftkvaliteten som følgje av auka produksjon.

Rådmannen føreset og at det er kontinuitet i oppfølging av miljøgifter og organismer i Sørfjorden, dette for å følgje opp retningslinjene i vassforskrifta som har mål om god økologisk og kjemisk tilstand i Sørfjorden og Hardangerfjorden. Etter at verksemda flytta deponering av produksjonsavfall til fjellhallar i 1986 er utslepp til sjø vesentleg redusert. Utslepp til sjø er i stor grad avhengig av nedbørsmengd. Boliden Odda AS planlegg å auke reinsekapasiteten, slik at utslepp til vatn difor vil gå ned samanlikna med i dag.

Boliden Odda AS har eit deponeringsløyve for fjellmassar i sjøen på 8 mill. m<sup>3</sup>. Deponiet skal liggje minimum 5 meter under vassoverflata.

## Støy

Sidan dette er ein stor industribedrift med eit strengt regelverk vert utslepp av støy handsama av anna myndigheit. Støy skal handsamast av Miljødirektoratet, men rådmannen meiner at støy er eit så viktig tema at det og vert grundig vurdert gjennom planen.

Planfremjar skriv at grensene i gjeldande utsleppeløyve for støy i dag er overskride for om lag 18 eksisterande bustadar. Støy frå framtidig produksjon er enno ukjend, men det er skissert ein mogleg metode for å hindra at auka produksjon fører til tilsvarande auke i støy. For å få dette til stiller Boliden Odda krav til høgaste lydeffekt i dei nye utstyrspakkane/ komponentane/ installasjonane. I tillegg skal det gjennomførast støyavbøtande tiltak på eksisterande anlegg. For bustadar der grenseverdien for støy er overskride vil Boliden Odda AS tilby støydempende tiltak.

Løyvet bedrifta har i dag, søknad om nytt løyve og reguleringsføresegnene set same grensa til støynivå for næraste busetnad. Denne er på 50 dB.

Rådmannen meiner at støy er ein svært viktig faktor som vert vurdert i planprosessen. Rådmannen meiner det er gjort ein god jobb med kartlegging og handtering av støyproblematikk. Å kreve støyisolering frå dei som leverer til bedrifta er eit positivt tiltak for å kunne dempe støy mest mogleg.

For handtering av støy i arealplanlegginga er det anbefalte retningslinjer som skal følgjast. Det kan etablerast støysoner med raud og gul sone, og støysonekarta skal syne utendørs støynivå 4 meter over terreng. For industriområdet på Eitrheimsneset er det føresegner for støy i ureiningslova som er gjeldande. Her er løyvet gitt for støynivå 1,5 meter over terreng.

Sweco har laga støysonekart målt 4 meter over terreng, der ingen hus er i raud sone. Mange hus er i gul sone, som har støynivå mellom 55 db og 60 db. Støymåling 1,5 meter over terreng vil ha 1-3 db lågare støynivå. Med målingar etter ureiningslova er difor støynivået lågare, og innanfor støygrensa i utsleppsløyvet. Konkrete føresegner i utsleppsløyvet gjeld framfor reguleringsføresegnene.

I tillegg til støy frå bedrifta vert busetnaden på Tokheim og i Askane sterkt råka av vegtrafikkstøy. Vegtrafikkstøy et Staten vegvesen sitt ansvar.

Ved ein auke i produksjonen vil det og verte ei auke i skipstrafikken. Planfremjar skriv at dette vil kunne få negative konsekvensar for naboar på Tokheim særleg i form av støy. Skipa som vert nytta i dag gir støy frå maskineri og frå hendingar ombord. I utgangspunktet har ikkje Boliden Odda AS ansvar for støy i frå skipa, då dette er kapteinen/ rederia sitt ansvar. Planfremjar skriv at ei mogleg løysing kan vere å ha tettare oppfølging av enkeltskip, eller at dei skipa med mest støy må veljast bort. Planfremjar har forslag til at landstraum kan vurderast som avbøtande tiltak. Dette vil hjelpe for støy frå blant anna hjelpemotor og ventilasjon. Det har kome fleire klager på støy frå lukemanøvrering. For tida er det difor restriksjonar på tillatne tidpunkt for slike aktivitetar ombord.



Rådmannen ser at auka skipstrafikk kan vera konfliktfyllt. Det er difor positivt at Boliden Odda jobbar med avbøtande tiltak som til dømes landstraum. Rådmannen tilrår og at det kan setjast restriksjonar for dei mest støyande aktivitetane i periodar, dersom det er mogleg.

Ein annan viktig faktor er støy i byggje- og anleggsperioden. Her er det andre krav til støy, og støygrensa for dag er på 60 dB, for kveld på 55 dB, og for natt på 45 dB. Planfremjar skriv at det skal utførast avbøtande tiltak, samt god planlegging og informasjon ut til rørte partar.

Rådmannen meiner at informasjon til innbyggjarane i nærleiken vil vere det beste avbøtande tiltaket ved støy i anleggsperioden.

Viftestøy i samband med tunnelventilasjon i fjellhallane har tidlegare vore ei problemstilling, og innbyggjarar i Tyssedal har vore råka av dette. Det er no gjennomført støydempande tiltak. Vifta kan framleis høyrast på austsida av fjorden, men er og vil vera godt innanfor støygrensene, og vil difor ikkje vere eit støyproblem.

### Naturmangfald

Planfremjar har vurdert planen etter naturmangfaldlova §§ 8-12. Konklusjonen er at det føreligg eit særleg godt kunnskapsgrunnlag om naturverdiar og ureining, og korleis ureining i området påverkar naturmangfaldet. Auka utslepp frå eksisterande verksemd som følgje av produksjonsutviding vil i liten grad påverka økologisk/ kjemisk tilstand i Sørfjorden, og ny teknologi er og vil verte tatt i bruk for å begrensa eller unngå skade på naturmangfaldet.

Sidan området allereie består av tung industri ser rådmannen at ei auke i produksjonen i liten grad vil ha betydning for naturmangfaldet. Planfremjar skriv at eit avbøtande tiltak som skal gjennomførast er at det ikkje skal nyttast plastlunter i sprengingsarbeidet. Dette meiner rådmannen er eit positivt miljøtiltak.

Det er funne fiskemåka, svartand, sjørørre, havhelle, edellauvskog og alm-lindeskog som er nært trua. Ved gjennomføring av planforslaget vil ikkje tiltaket ha påverknad på dette.

### Friluftsliv/ by- og bygdeliv

Planfremjar har vurdert kva som kan ha betydning for ålmenta si moglegheit for å drive friluftsliv i nærmiljøet. Her er det særleg støy og ureining som er vurdert. Planfremjar skriv at gang/sykkelveg ved fv. 550, regulert friområde i Eitrheimsvågen, og uteareal i barnehagen er dei nærområda med høgast verdi for ålmenta. Planfremjar konkluderer med at tiltaket samla sett vil ha ubetydeleg konsekvens i høve til friluftsliv/ by- og bygdeliv.

Rådmannen er samd i konklusjonen til planfremjar. Området er allereie eit industriområde, og med strenge krav til støy og ureining vert situasjonen den same, og om ikkje betre.

Rådmannen vil og nemna at reguleringsplanen strammar opp situasjonen med friluftsliv/ by- og bygdeliv betydeleg i høve eksisterande situasjon. Gjeldande plan har ikkje nokon føresegnar for desse temaa.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Saka er vurdert etter plan- og bygningslova. Såleis er økonomisk konsekvens for kommunen i liten grad vektlagt av rådmannen.

**Uttale frå kommunale råd:** (Eldreråd, Råd for funksjonshemma, Ungdomsråd)

Planen er sendt på offentlig ettersyn, og det er ikkje kome inn merknadar frå kommunale råd.

**Risikovurdering:**

ROS-analyse ligg ved saksframlegget.

**Saka sitt forhold til**

*Overordna planar og lovverk:*

- a. kommuneplan – samfunnsdel: Kommuneplanen 2007-2019 Arealdelen
- b. aktuelle lover: Plan- og bygningslova

*Folkehelse, livskvalitet og oppvekstmiljø*

- a. klima, miljø og energi
- b. verdiskaping og næring

Ikkje relevant

Saka skal ekspederast av:  
Særutskrift skal sendast til:

Sakshandsamar  
Alle relevante partar  
Arkiv